

STRANDA FOTBALL

TRYGGE RAMMER - RUSFRITT MILJØ

«Stranda Fotball skal vere eit fellesskap for individuell og kollektiv utvikling i eit trygt og godt miljø»

Klubben sin visjon viser eit tydeleg mål om at all aktivitet skal organiserast i eit trygt og godt miljø. Bruk av rusmiddel fører til risiko for fysiske og psykiske helseskadar, det har negativ effekt på prestasjonsutvikling, og det skaper ofte usikkerheit/utryggheit i det sosiale miljøet. Stranda IL fotball er ein breiddeklubb som aktiviserer mellom 50-70% av barn og ungdom i kommunen. Klubben er difor ein viktig samfunnsaktør med ansvar for å bidra til eit sunt og trygt oppvekstmiljø.

Alle Stranda IL Fotball sine aktivitetar og arrangement for barn og ungdom (6-19 år) skal vere rusmiddelfrie. Med rusmiddel meiner vi her alkohol, tobakk (røyk/snus) narkotika og doping.

Trenarar, leiarar og foreldre har ansvar for at dei aktive er rusfrie på treningar, samlingar, turneringar og sosiale arrangement.

Alle andre aktive på arrangementa (trenarar, leiarar, foreldre, dommarar) skal og vere rusfrie.

Styret Stranda IL Fotball 30.09.2017